



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Ved: Christian Hagerup Reinshol

Deres ref.:  
2013/655

Vår ref.:  
5125036\aar

Dato:  
2014-06-02

## REGULERINGSPLAN FOR APALEN SØR, GNR 202 BNR 1 M.FL. PLAN-ID 1263-200809

### FORSLAGSSTILLER APALEN SØR AS (UNDER STIFTING)

Vi viser til Dykkar oversending 21. mai 2014 av sak 067/14 i Plan- og miljøutvalet.

På grunnlag av handsaminga i Plan- og miljøutvalet 14. mai 2014 samt Dykkar e-post av 1. juni 2014, har vi revidert planframlegget. Plankartet, reguleringsføresegnene og planskildringa er endra.

Komplett revidert planforslag for reguleringsplan for Apalen sør, ligg ved. Forslaget skal no vere klart for utlegging til offentleg ettersyn.

Vi har kommentert justeringane som er gjort ut frå punkta i vedtaket frå Plan- og miljøutvalet.

*1. Nemningar i plankart og føresegner må rettast opp slik at det er samsvar mellom desse, jf. mellom anna gjennomgang i saksframlegget.*

Kommentar: Utført, retta i føresegnene.

*2. Det skal leggjast inn minimum 0,5 meter anna vegareal langs tilkomstveg f\_KV1, med unntak av dei stadane det allereie er etablert bygg heilt inntil den regulerte vegkroppen.*

Kommentar: Utført.

*3. For å sikre at snuhammaren ved BF4 vert dimensjonert for lastebil må det på plankartet teiknast inn minimum 9 m svingradius på kvar side.*

Kommentar: Utført.

*4. Kryssing for mjuke trafikantar på f\_FTA må ved føremål LB flyttast til eit mindre konfliktylt punkt.*

Kommentar: I samsvar med e-post av 1. juni 2014 har vi lagt inn slikt rekkefølgekrav i reguleringsføresegnene: "Før det vert gjeve midlertidig bruksløyve eller ferdigattest til nye

bustader i BKS3, skal overgangen for mjuke trafikantar på f\_FTA ved føremål LB vere sikra. Endeleg utforming på gangfeltet skal godkjennast av kommunen."

Vi legg til grunn at det må vere tilstrekkeleg å knytte dette til utbygginga av det største feltet i planområdet.

*5. Fjerne avkøyrsløper mot f\_KV1 i BKS2 og langs ubebygde område i BF2. Det må anten lagast eigne avkøyrsløper inn i områda eller sikrast i føresegnene at desse områda skal ha felles avkøyrsløper for bustadane.*

Kommentar: Utført. Det er lagt inn i føresegnene at desse områda skal ha felles avkøyrsløper for bustadane.

*6. Pkt 2.6.7 må endrast til Tilleten maksimal mønehøgde er 9 meter over gjennomsnittleg planert terreng.*

Kommentar: Utført.

*7. Siste setning i pkt 2.9.2 må endrast til Tilrettelegginga skal gjerast etter på førehand godkjend situasjonsplan for feltet.*

Kommentar: Utført.

I tillegg er det gjort slik presisering av eigartilhøva ( i føresegnene og planskildringa), i samsvar med tilrådinga i saksutgreiinga til sak 067/14:

Kjørveg (f\_KV1), fortau (f\_FTA) og areal avsett til anna veggrunn – grøntareal (VG), skal være felles for eigedomane i planområdet.

Kjørveg (f\_KV2) skal være felles for gnr/bnr 202/133, 134, 135, 138, 140, FR og BKS1.

Kjørveg (f\_KV3) skal være felles for BKS3.

Kjørveg (f\_KV4) skal være felles for BKS2.

Med helsing

**Norconsult AS**

Ragne Rommetveit  
Oppdragsleiar

Vedlegg:

Plankart datert 02.06.2014

Reguleringsføresegner datert 02.06.2014

Planskildring (utan vedlegg) datert 02.06.2014